


ÅRSMELDING 2020

Hardanger og Voss museum



HARDANGER OG VOSS
MUSEUM

Høgdepunkt 2020



Nøkkeltal 2020

	2020	2019	2018	2017	2016
Besøk	30 382	63 185	56 143	56 413	55 022
Gjenstandar	52 180	51 973	51 867	51 812	49 568
Foto	94 604	94 604	94 604	94 604	94 604
Kulturhistoriske bygg	133	133	133	133	133
Verna fartøy	4	4	4	4	4
Publikasjonar	6	4	4	4	2
Utstillingar	26	34	27	30	34
Arrangement, konsert mm ¹⁾	71	329	85	106	107
Driftsinntekter*	61 543	55 057	67 239	62 167	63 227
Årsresultat*	3 550	-1 212	2 489	4 710	2 811
Eigenkapital**	15 560	12 010	13 072	10 583	5 873
Totalkapital*	47 319	44 608	42 251	44 163	41 470
Faste tilsette	64	64	60	58	59
Årsverk	57,8	61,7	61,7	59,3	58,4
A-melding (l&t-oppgåve)***	160	193	173	203	184
Sjukefråvær	5,9 %	6,3 %	4,3 %	4,0 %	4,3 %


1) Nedgang i 2020 som fylgje av redusert publikumsaktivitet under korona-pandemien.

Auken i 2019 kom i houndsak frå antal konsertar i Hardingfela.no


* Tal i tusen kroner

** Implementering av pensjonsforplikting per 1.1.2016.

*** Frå 2016 var det beløpsgrense på kroner 10 000 for å innrapportere A-melding. Antal personar under beløpsgrensa vert inkludert i tala.



Organisasjon 2020





Frå venstre: Åsmund Kristiansen (direktør), Lars Mossefinn, Solfrid Borge, Sigrid Brattabø Handegard, Alexander Günther, Hans Jørgen Andersen, Agnete Sivertsen, Asbjørn Tolo. Foto: Silje Ensby

Styret var i 2020 sett saman slik:

Utneimnd av	Rolle	Namn	Vara
Rådet	Styreleiar	Lars Mossefinn	
Hordaland fylkeskommune	Nestleiar	Solfrid Borge	Gunnar Moland
Rådet	Styremedlem	Sigrid Brattabø Handegard	1. vara Anne-Sofie Lutro
Rådet	Styremedlem	Asbjørn Tolo	2. vara Astrid Selsvold
Rådet	Styremedlem	Hans Jørgen Andersen	
Tilsette	Styremedlem	Alexander Günther	1. Karen Noer Korsjøen
Tilsette	Styremedlem	Agnete Sivertsen	1. Sissel Lillebostad
Tilsette			2. Marie Vermersch
Tilsette			2. Signe Skeie Brurok
Tilsette			3. Geir Madsen

Rådet var i 2020 sett saman slik:

Vald av:	Rolle	Namn	Vara
Ordførar i Eidfjord	Rådsleiar	Anders Vatle	Aslak Lægreid
Ordførar i Ulvik	Nestleiar	Hans Petter Thorbjørnsen	Jens Olav Holven
Ordførar i Kvam		Torgeir Næss	Frode Nygård
Ordførar i Ullensvang		Roald A. Haug	Kjellaug Hoås Samland
Ordførar på Voss		Hans Erik Ringkjøb	Sigbjørn Hauge
Voss folkemuseum		Gurid Bonsaksen	Gunnar Hemre Ringheim
Voss folkemuseum		Olav Tvilde	Knut Seim
Agatunet		Amund Velure	Guttorm Rogdaberg
Granvin Bygdemuseum		Lars Brekke	Svein Medås
Hardanger folkemuseum		Sjur K. Jaastad	Margrethe Langfeldt
Hardanger folkemuseum		Martha Rykkje	
Ingebrigt Vik Museum		Harald Kjosås	Beate Gauden
Kunsthuset Kabuso, Tusenårsstaden Hordaland		May Eva Sandvik	Linda Monsen Merkesdal
Hardanger fartøyvernssenter		Natalia A. Golis	Jan-Fredrik Paulsen
Hardanger fartøyvernssenter		Klaus Rasmussen	Randi Storaas
Kvam Bygdemuseum		Nils Drage	Arne Sandven

Styret si årsmelding

Hardanger og Voss museum vart skipa 17. januar 2006 og har forretningsstad Utne. Museet har driftsansvar for Agatunet, Granvin Bygdemuseum, Hardanger Fartøyvernssenter, Hardanger Folkemuseum, Ingebrigt Vik Museum, Kvam Bygdemuseum, Kunsthuset Kabuso, Voss folkemuseum, Dagestadmuseet og Herand Sag. Hardanger og Voss museum er organisert i fem bemanna avdelingar og har samarbeidsavtalar med stiftingane Hardanger folkemuseum, Agatunet og Hardanger fartøyvernssenter, samt museumslaget Voss folkemuseum, som alle eig dei fleste bygningane ved musea. Samarbeidspartane har plass i rådet ved museet.

Føremål

Museet skal driva innsamling, bevaring, forskning og formidling tufta på kulturuttrykk frå fortid og samtid. Gjennom dokumentasjon av variasjon og fellestrekk skal museet vera med på å synleggjera Hardanger og Voss lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Med utgangspunkt i rolla som samfunnsminne skal museet vera ein open møtestad der alle er velkomne til å studera, oppleva og finna utfordringar. Museet yt fagleg hjelp i museums- og kulturminnespørsmål til kommunar og frivillige i regionen. Hardanger og Voss museum driftar eit nasjonalt senter for fartøyvern og eit kunsthus som er tusenårsstaden i Hordaland.

Aktivitet

Åsmund Kristiansen vart tilsett som konstituert direktør per 1. mars 2020. Direktørstillinga vart lyst ut hausten 2020 og Åsmund Kristiansen vart tilsett som direktør per 1. januar 2021.

Som fylgje av korona-pandemien stengde styresmaktene frå 13. mars 2020 ned store deler av samfunnet, noko som fekk fylgjer for museet si publikumsretta verksemd. Tilsette vart permitterte og musea var stengde for besøk til ultimo juni. Leirskuletokt våren 2020 vart utsett og sommartokt med hardangerjakta Mathilde vart avlyst. I tillegg vart planlagd reiseverksemd redusert og erstatta med digitale møter. Antal besøk vart i 2020 halvert i høve til fjoråret og det var eit fåtal gruppebesøk og utanlandske besøkande. Museet fekk sommaren 2020 ekstra driftstilskot frå

Kulturdepartementet for å halde musea opne for publikum.

Fremad II har vore til restaurering ved Hardanger fartøyvernssenter sidan 2016 og vart sjøsett august 2020. Filmen om restaurering av «Fremad II» har vorte sett 30 mill. gonger og vorte omtala i det amerikanske bladet *Wooden Boat*.

Ved Voss folkemuseum har arbeidet med sprinkling av bygg i Mølstertunet og ny basisutstilling hatt stor merksemd. Etter planen skal ny basisutstilling opnast i juni 2021.

Sidersmaking på Agatunet var eit nytt og populært tilbod i 2020 i samarbeid med reiselivet og siderprodusentar rundt Sørfjorden.

Den freda ferja MF Folgefonn har sidan 2018 vorte restaurert ved Bredalsholmen Dokk og fartøyvernssenter. Riksantikvaren er samarbeidspart i prosjektet og framdriftsplan avheng av årlege løyvingar.

Samarbeidet med Ole Bull Akademiet om *Hardingfela.no* fekk eit stort løft med statleg driftstilskot frå 2021.

I 2020 har det vorte arbeidd med å lage eit samla kursprogram for Hardanger og Voss museum. Me er stolt over å kunne tilby dette frå 2021. Kursa går føre seg på dei ulike besøksarenaene våre.

Det store utviklingsprosjektet «Tett på» skrid fram ved Hardanger fartøyvernssenter. Kulturrådet har i si

vurdering i 2020 tilrådd at prosjektet «Tett på» blir prioritert i statleg finansiering av kulturbygg. Me ser dette som ein milepæl.

Styrande organ

Styret hadde åtte møte i 2020 der dei handsama 71 saker. Rådet hadde to møte i 2020 og handsama 12 saker.

I løpet av 2020 har det skjedd fylgjande endring i museet sitt styre: Rådet gjennomførte 29. mai 2020 val av styrerepresentantar til Hardanger og Voss museum. Lars Mossefinn vart vald som ny styreleiar. Han erstatta fungerande styreleiar Sigrid Brattabø Handegard som frå same tid vart ordinært styremedlem. Solfrid Borge vart vald som ny nestleiar i styret og Hans Jørgen Andersen nytt styremedlem. Anne-Sofie Lutro og Astrid Selsvold vart vald som vararepresentantar til styret. Agnete Sivertsen vart vald frå dei tilsette og deltok i styret frå styremøtet 25. februar 2020.

Britt Aksnes, Toralv Mikkelsen og Ann-Kristin Kjerland gjekk ut av styret i løpet av 2020.

Rådet valde ny leiar og nestleiar i 2020. Anders Vatle vart vald til rådsleiar med Hans Petter Thorbjørnsen som nestleiar. Jostein Ljones og Ingebjørg Winjum gjekk ut av rådet i 2020.

Styret takkar avgåtte styre- og rådsmedlemmer for verdifull innsats for museet.

Personale

I 2020 vart det utført totalt 57,8 årsverk medrekna seks lærlingar. Totalt 160 personar var knytt til museet og fekk lønsutbetaling i løpet av året. I tillegg til dei faste tilsette har det vore engasjert sommarvikarar, prosjekttilsette, volontørar og personar som har hatt arbeidstrening.

Som fylgje av korona-pandemien og behov for nedstenging av museet vart atten tilsette permitterte i perioden 14. april til 19. juni. Auka bruk av heimekontor førte i den perioden til nye utfordringar i høve psykisk og fysisk arbeidsmiljø. Erfaringane museet gjorde seg vert del av planlegging av aktiviteten ved museet framover.

Det er ei jamn fordeling av kvinner og menn i museet, men fordelinga er ulik i dei mange yrkesgruppene. Kvinner er i hovudsak tilsett i akademiske og merkantile stillingar. I styret var det tre kvinner og fire menn. I leiargruppa var det tre kvinner og to menn.

I tråd med § 26 i likestillings- og diskrimineringslova vert det kvart 2. år gjennomført kartlegging av lønn fordelt etter kjønn og kartlegging av bruk av ufriwillig deltidsarbeid.

Hardanger og Voss museum diskriminerer korkje tilsette eller besøkande i høve til alder, kjønn, funksjonshemming, religion, kulturell bakgrunn eller seksuell orientering.

Helse, miljø, tryggleik (HMT)

HMT-målsetjinga til museet er at det skal vera eit helsefremjande og inkluderande arbeidsmiljø der ingen vert skadde eller sjuke som følgje av arbeid eller arbeidsmiljø. Hardanger og Voss museum er medlem i Bedriftshelse1. Museet har eit felles arbeidsmiljøutval (AMU) og er delt i tre verneområde som alle har eigne verneombod. AMU hadde fem møte der dei handsama 39 saker.

Gjennom heile året er det gått 9 vernerundar. Bedriftshelse1 har gjennomført målretta helsekontrollar. Det var i 2020 fire arbeidsulukker ved museet, alle ved Hardanger

fartøyvernsenter. Ingen av dei var alvorlege.

Sjukefråveret i 2020 var 5,9 %, ein reduksjon frå 6,3 % i 2019.

Hardanger og Voss museum har ikkje skada eller påverka det ytre miljøet negativt. Alle tiltak og planar vert vurderte ut frå prinsippet om universell utforming.

Miljøfyrtårn

Hardanger og Voss museum vart godkjend som miljøfyrtårn i 2011. Museet vart re-sertifisert som Miljøfyrtårn i 2017 og ein ny prosess med re-sertifisering vart starta i årsskiftet 2020/2021. Det er ikkje avdekkja tilhøve som kan medføre ein betydeleg påverknad av det ytre miljø.

Økonomiske tilhøve

Årsrekneskapen til Stiftinga Hardanger og Voss museum er avlagt etter norske rekneskaps-standardar og god rekneskapsskikk for øvrige føretak. Årsrekneskapen er avlagt under føresetnad om fortsatt drift. Dette på basis av budsjettet for 2021 som inkluderer tildelte driftstilskot på 34 millionar kroner. Hardanger og Voss museum er del av det nasjonale museums-, kunst- og fartøyvernfeltet og får årlig driftstilskot frå Kulturdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Vestland fylkeskommune og lokale kommunar. Museet har i tillegg stort fokus på eigeninntening.

Årsresultatet for 2020 var 3,6 millionar kroner mot -1,2 millionar kroner i 2019. Driftsresultatet i 2020 var 3,5 millionar kroner mot -1,2 millionar kroner i 2019. Driftsinntektene i 2020 auka med 6,5 millionar kroner frå 2019, medan driftskostnadene auka med 1,7 millionar kroner frå 2019. Salsinntektene vart redusert med 1,7 mill. kroner og tilskot og gaver auka med 8,2 mill. kroner. Museet fekk auka driftstilskot frå Kulturdepartementet på 1,36 mill. kroner og 0,2 mill. kroner frå Sparebankstiftinga Hardanger som fylgje av utfordringar ved korona-pandemien. Dette kompenserte ein del av inntektsbortfallet i 1. linje drifta.

Museet fekk i 2020 prosjekttilskot til mellom anna restaurering av den freda ferja MF Folgefonn, sprinkling av Mølstertunet og Agatunet, fornying av konsertsalen i Kabuso og anna på til saman 11,3 mill. kroner. Tilsvarande beløp i 2019 var 4,9 mill. kroner. Prosjekttilskota har ei tilsvarande kostnadsside. Museet har ikkje motteke gåveforsterking i 2020.

Den framtidige pensjonsforplikting var per 31.12.2020 aktuarberekna til 12,1 millionar kroner mot 11,9 millionar kroner på same tid i fjor. Ved utgangen av året var eigenkapitalen 15,6 millionar kroner mot 12,0 millionar kroner på same tid i fjor.

Disponering av årsresultat

Årsresultatet for 2020 utgjorde 3,550 millionar kroner mot -1,212 millionar kroner i 2019. Årsresultatet vert disponert til anna eigenkapital.

Sentrale risiko og usikkerhetsfaktorar

Hardanger og Voss museum har ein svak eigenkapital i forhold til omfanget av drifta og framtidig pensjonsforplikting. For å møta den langsiktige forpliktinga må museet generera overskot framover eller få tilførsel av kapital frå stiftarane. Omfanget av drifta avheng av størrelsen på offentlege tilskot og museet si eiga evne til eigeninntening. Endringar i rammevilkåra frå det offentleg vil påverke museet si evne til å levera i tråd med samfunnsoppdraget. Det er betydeleg usikkerhet knytt til vurdering av framtidige tilhøve.

Finansiell risiko

Risikostyring og internkontroll står sentralt i Hardanger og Voss museum si styring av verksemda. Hardanger og Voss museum er eksponert mot marknadsrisiko i form av oppdragsmengde innan bygningsvern og fartøyvern samt antal besøk. Museet skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar for å sikre tilførsel av relevant kompetanse og for å vidareutvikle gode opplevingar for både oppdragsgjevarar og besøkjande.

Museet er eksponert mot endringar i rentenivået i form av langsiktig lån

og avkastning på likvide midlar på bankkonto. Museet er avhengig av årlege offentlege løyvingar. Museet er liten grad eksponert mot endring i valutakursar.

Kreditt og likviditetsrisiko

Risiko for at motpartar ikkje har økonomisk evne til å oppfylle sine forpliktingar vert vurdert som låg. Historisk sett har det vore små tap på krav. Likviditeten i 2020 har vore god og likviditets-graden var god per 31.12.2020, men bør betre seg for å kunne møte framtidige investeringsbehov.

Kontantstrømoppstillinga viste positivt bidrag frå operasjonelle aktivitetar på 6,0 millionar kroner mot 9,7 millionar kroner i 2019. Investeringsaktivitetane var i hovudsak finansiert med tilskot frå samarbeidspartar. Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar var -1,0 millionar kroner mot -3,4 millionar kroner i 2019. Finansieringsaktivitetane var dels finansiert av tilskot frå samarbeidspartar. Netto kontantstrøm frå finansiering aktivitetar var -0,3 millionar kroner mot -1,3 millionar kroner i 2019.

Takk

Styret ynskjer å rette ein takk for alle gåver til museet i 2020. Me er og svært takksame for engasjementet dei frivillige og tilsette ved museet legg ned. Me vonar at det gode samarbeidet kan halda fram i åra som kjem.

Utne, 24. februar 2021




Lars Mossefinn
Styreleiar




Solfrid Borge
Styremedlem




Hans Jørgen Andersen
Styremedlem




Sigrud Brattabø Handegard
Styremedlem



Agnete Sivertsen
Styremedlem



Asbjørn Tolo
Styremedlem



Alexander Günther
Styremedlem



Åsmund Kristiansen
Direktør



Ny direktør i HVM, Åsmund Kristiansen. Foto: Silje Ensby

Administrasjonen si årsmelding 2020

Forord frå direktør

Korona-pandemien har globale konsekvensar som enno ikkje er over. Sjølv om Hardanger og Voss museum (HVM) har vore ramma må ein likevel seia at me så langt har greidd oss bra gjennom pandemien. HVM tok raskt grep då styresmaktene innførte sosial nedstenging midt i mars 2020. Me utarbeidde ein økonomisk prognose som styrte dei tiltaka me innførte, og me oppnådde då å berga organisasjonen gjennom ein periode med mykje uvisse. Diverre medførte tiltaka at ei rekkje kollegaer vart heilt eller delvis permitterte. Vel 2 årsverk var planlagt permittert, men me enda opp med 1,2 årsverk fordelt på 18 tilsette i alle typar stillingar. Færre sesongtilsette førte til at fast tilsett fagpersonell utførte fyrstelineoppgåver, dvs. arbeidde i direkte kontakt med museet sine besøkande gjennom sommaren. Eg vil nytta høvet til å takka alle kollegaer for tolmod og for løysingsorientert og konstruktivt arbeid i dette krevjande året.

Kunsthuset Kabuso opna for besøkande tidleg i mai. Dei andre arenaene i HVM opna kring 21. juni. Det årlege besøkstalet vart om lag halvert, samanlikna med året før. Talet på grupper og utanlandske gjester vart kraftig redusert, medan talet på innanlands reisande var høgare i slutten av juni og i juli. Besøk frå innanlands reisande gav gode tal i juli, men ikkje tilstrekkeleg til å vega opp for svake skuldresesongar. Pandemien førte til mykje ekstraarbeid og kostnader med reingjering, registrering i tilfelle smittesporing osv. Ei særleg utfordring var knytt til å setja inn ekstra personell ved barne-grupper med innlagde aktivitetar. Færre sete ved konsertar og arrangement førte til nedgang i talet på selde billetter. Sjølv om kvar besøkande til HVM kvar for seg la att meir i kafé og museumsbutikk, er også desse inntektene omtrent halverte samanlikna med 2019.

Drifta av hardangerjakta «Mathilde», med leirskule og opne sommartokt, var sterkt redusert. Berre haustsesongen med leirskule vart gjennomført.

Folkemusikk og –dans vart hardt råka. Talet på brukarar («besøkstal») fall med omkring 90 % samanlikna med 2019. Hardingfela.no har teke i bruk nye metodar og digitale undervisningsopplegg, men dette kan ikkje fullt ut erstatta dei fysiske møta.

Når HVM likevel fekk eit godt økonomisk resultat i 2020, skuldast dette reduserte kostnader knytt til fyrstelinepersonell i perioden april–august, mindre reiseaktivitet og ein del prosjekttilskot. Vidare fekk HVM 1,36 mill. kr i korona-tilskot frå Kulturdepartementet. Seint på året kom det òg eit korona-tilskot frå Sparebankstiftinga Hardanger. Utan ekstra tilskot og dei tiltaka me gjorde då samfunnet stengde ned ville økonomien og likviditeten vore utfordrande.

Pandemien har ført til at me har brukt store ressursar på å planlegga og tilpassa oss til dei til ei kvar tid gjeldande smittevernreglar. Arrangement må planleggast på ny, turnusar må endrast, ting vert utsett eller avlyst, osb. Mange av dei som har vore involverte i arrangement, som t.d. musikarar, har opplevd mykje uvisse omkring utsetjingar og avlysingar. Trass alt dette er me rimeleg nøgde med at me faktisk har gjennomført ein heil del arrangement. Situasjonen har ført til ei viss fornying gjennom digitale formidlingstiltak. Eg vil her nemna filmar knytt til stølsdrift og korte aktivitetsfilmar for nettsida og sosiale medium i regi av Kunsthuset Kabuso.

HVM har ikkje pålagd tilsette heimekontor. Dei fleste har møtt på jobb, med unntak av periodane der kommunane har hatt strengare restriksjonar. Møte mellom avdelingane, som t.d. leiarmøte, er stort sett gjennomført digitalt.

Mesteparten av dei andre oppgåvene knytt til museumsdrift, fartøyvern og bygningsvern har gått sin gang i 2020. Det har også gått fint å gjennomføra kurs i ulike handverksteknikkar utan å bryta gjeldande smitteverntiltak.

Ein viktig milepåle i 2020 var å signera kontrakt om produksjon av ny basisutstilling ved Voss folkemuseum. Dette har vore eit tids- og ressurskrevjande prosjekt, både med omsyn til finansiering og planlegging. Hausten 2020 sette Bergensfirmaet Vill Mer i gang med produksjonsarbeidet, i tett samarbeid med dei tilsette på Voss folkemuseum.

Utstillinga har ei kostnadsramme på 4,5 mill. kr og vert etter planen opna i juni 2021.

Samarbeidet mellom Ole Bull Akademiet og HVM om å vidareføra hardingfele-tradisjonane gjennom «Hardingfela.no» kom eit langt steg vidare i 2020. I juli kom kulturminister Abid Raja med familie til Voss folkemuseum og fekk innføring i aktiviteten ved Hardingfela.no. Då framlegget til statsbudsjett kom i oktober var det lagt inn ein auke i driftstilskotet til Hardingfela.no. Med auke i tilskotet frå Vestland fylkeskommune frå 2021 bergar dei to stillingane og sørger for rom til vidare arbeid og utvikling.

I august var statssekretær frå Kulturdepartementet Gunnhild Berge Stang på Hardanger fartøyvernsenter for å sjøsetja det nesten ferdig restaurerte fiskefartøyet «Fremad II». 2020 var elles eit overgangsår i fartøyvernet. Det kom ny stortingsmelding om kulturminnevern, framlegg til nye forskrifter for tilskotspostane, og regional forvaltning tok så smått til å virka på fartøyvernfeltet. Frå 2021 har fylkeskommunane forvaltningsansvaret. Dette vert spennande for HVM både som fartøyeigar og fartøyvernsenter.

Styret i HVM fekk fleire nye medlemmer i 2020. Leiargruppa og styret hadde ei god økt saman, med gjennomgang og revisjon av strategisk plan. Samstundes fekk me gått grundig gjennom vurderingane Trygve Nordby gjorde av organisasjonen i 2013, og tok inn aktuelle moment i strategisk plan.

2020 var òg året då Vestland fylkeskommune vart etablert og to nye kommunar såg dagsens lys i regionen vår.

Eg vil takka alle kollegaer for godt samarbeid i 2020. Alle som har vore innom, politikarar, forvaltning og gjester har bidrege til gode møte og framgang på mange av HVM sine arbeidsfelt. Takk for godt samarbeid med styret i HVM og med eigarstyra. Frivillige som er knytt til museet, tilskotsytarar og andre samarbeidspartar skal òg ha takk for innsats og støtte i året som gjekk.

Visjon: «Gode opplevingar å bryna seg på»

Verdiar: Raus. Engasjert. Truverdig.

FORVALTING AV MATERIELL KULTURARV

HVM skal i fylgje eigen strategi samla inn, bevare, vidareføra og sikra både materielle og immaterielle kulturminne, i tråd med gjeldande planar og avtalar. Innsamlingspolitikken skal vera restriktiv. Eitt av måla er å forvalta samlingane gjennom aktiv bruk av digitale verktøy, både når det gjeld registrering, koordinering og tilgjengeliggjering. Kulturhistoriske bygg og anlegg skal forvaltast slik at dei er på eit godt vedlikehaldsnivå.

Gjenstandsforvaltning

Både ved Hardanger folkemuseum og Voss folkemuseum er det gode magasin. Ein liten del av samlinga er flytta til fellesmagasinet på Salhus, der tilhøva er optimale. Om lag 8000 gjenstandar er ikkje tilfredsstillande oppbevart. Dette er i all hovudsak gjenstandar som står i museumsbygningar, og som er plassert der for å skapa miljø i husa. Museet manglar innsamlingsplan og må prioritera større ressursar til samlingsforvaltning og registrering framover. Det er fullt i magasinane og noko av samlinga står på eksterne lager. Samlingsforvaltningsplanen skulle vore rullert i 2020, men dette arbeidet er utsett til 2021.

Det har vore liten tilvekst til samlingane ved **Voss folkemuseum**. Me er generelt langt meir restriktive med å ta mot tilvekstar. I 2019 tok me mot nokre bøker og nokre få gjenstandar. Den største gjenstanden er ein av dei fyrste modellane av fôrhaustarkassa «Vossakasso» laga av oppfinnaren sjølv, Anders Rong.

I 2019 hadde **Hardanger folkemuseum** ei stor utstilling av bringklutar, som er ein del av den tradisjonelle draktskikken. Då me pakka ned denne utstillinga vart me merksame på at me hadde hatt problem med skadedyr i lokala våre. Me har fått råd av Bevaringstenestene, som etter planen skulle halda kurs for alle tilsette i IPM (samordna skadedyrkontroll) i vår. Dette vart utsett grunna korona. Bevaringstenestene hjalp oss òg med å gjera rein Storsalen, slik at me kunne setja opp nye utstillingar. Dei har òg kjøpt eit transportabelt varmekammer som dei konsoliderte musea kan nytta for å handsama gjenstandar før dei kjem inn i magasinet. Me har no rigga oss slik at me kan ta imot dette. Med Bevaringstenestene er det òg gjort avtale om å gå inn i ein «re-org prosess», der me ryddar og organiserer magasinane våre på nytt.

Fleire svært fine tekstilar og folkedraktdelar vart gitt til museet i år. Desse er no registrerte, og fleire av dei vert synte fram i ei ny draktutstilling som skal stå i Storsalen i 2021–22.

Hausten 2020 gjekk me i gang med arbeidet med å registrera gjenstandar ved **Kvam bygdemuseum Storeteigen**. Til dette arbeidet nyttar me databasen Primus.



Nye bidrag til draktsamlinga i 2020. Foto: Silje Solvi

Forvaltning av historiske bygningar

Ved **Agatunet** i Ullensvang tok året til med slutføring av arbeidet på Jakobsbua og Jakobsdoen, eit arbeid Hordaland fylkeskommune har løyvd midlar til. Både tak og kledning var sett i stand, og me sprøyta materialet mot insekt. Huset har kraftig angrep av husbukk. Når det gjeld husbukk er Agatunet no med i Riksantikvaren sitt program for miljøovervaking. Programmet har eit 50-års perspektiv, der ein følgjer med på korleis mellom anna klimaendringar og skadedyrproblematikk påverkar bygningane. Inntil vidare er Lagmannsstova omfatta av prosjektet, men det er òg snakk om å inkludera fleire av bygningane.

I november gjekk me i gang med vøling av Johanstabburet, det siste huset i Agatunet der tilstanden er definert som TG3, som indikerer at bygget treng omfattande istandsettingstiltak. Takheller vart demonterte og ved årsskiftet var alt roteskadd treverk skifta ut.

Kunnskapsbygginga vår på bruk av kalk held fram. Saman med murarar frå Nidarosdomens restaureringsarbeider brenn me vår eigen kalk og kalkar opp att murane på Lagmannsstova. I tunet har me tidlegare bygd kalkomn, der me brenn kalksteinen. Sjølv brenninga tok tre døgn. Temperaturen



Kalkstein rett frå ovnen. Foto: Line B. Iversen

vart auka jamt til over 850 grader etter eitt døgn, med snitt på 900–1000 grader resten av tida. Kalksteinen låg lagra i lufttette tønner fram til juni. Så kalka me murane på oppsida av Lagmannsstova med kalkmørtel og kalkslemming. Seinare på sommaren kvita me muren med kalkvelling. Interessa for tradisjonell brenning og bruk av kalk er aukande, og me er no del av eit dedikert miljø av hot mix-entusiastar.

Tveismestova, ei årestove frå mellomalderen som står i museumtunet ved **Hardanger folkemuseum**, fekk nytt tak i 2020. I skriftlege kjelder er årestova datert til 1320, så vøla i år vart ei 700 års-markering. Taket, som hadde nokre lekkasjar, hadde knotteplast under torva. Begge delar ville me kvitta oss med. Dei fleste sperra var framleis fine, men troborda måtte bytast. Her brukte me opp att nokre gamle trobord til delar av taket, og øksa nye til resten. Torvhaldskrokar fekk me hjå ein gardbrukar på Tveisme, frå bruket der stova opphavleg stod. Så la me never og torv, med tekkemetoden etter Steinar Mølster. Den eine sida av taket vart spara til me fekk vitjing av fagskulen i Hordaland med 15 studentar som hadde vekesamlinga si her i september. I tillegg til å leggja never på tradisjonelt vis jobba dei med oppmåling og teikning av hus, og me runda av med eldhusbakt pizza og samling i den nytekte årstova.

Nesjastova i tunet på Utne er ei husmannsstove frå 1824, og er eitt av dei fem husa i samlinga på Utne som står på opphavleg stad. Kwart år fram til 2024 skal me vøla ein del av huset. I 2020 tok me muren, i dei neste åra tek me taket, bakbygget og overflatene. Det har stått vatn i kjellaren i fleire år, og dette har ført til fukt i kjellar og berande konstruksjonar i golvet over. I oktober 2019 vart det gravd ei dreneringsgrøft frå kjellaren og ut i tunet. Etter dette tiltaket har kjellaren tørka opp. Arbeidet med mur og bjelkar heldt fram i 2020, med ny mur i hjørnet mot nord, samt graving av masser frå kjellar og påfyll av pukk, duk og grus. Det vart òg lagt nye bjelkar og golv i fyrste høgda.

Brønnen på **Skredhaugen** var øydelagt i vinter, og me måtte i all hast få laga til ein ny. På Skredhaugen er også publikumstoalletet forbetra, med god hjelp frå Skredhaugens vener. Mot slutten av året vart Grevehuset oppgradert med føring av pipe og ny vedomn.

I 2016 vart 10 av dei 17 husa i klyngetunet Mølstertunet på **Voss folkemuseum** sprinkla. Med tilskot frå Norsk kulturråd og Stiftelsen UNI fekk me i 2020 fullført denne sprinklinga. Alle bygningane er no brannsikra med sprinklaranlegg, nokre av dei er òg sprinkla utvendig.

I november rasa delar av muren under floren på Oppheim gamle prestegard ut. Skadane vart stabiliserte, og me tek sikte på å reparera muren i 2021.

Det vart elles berre gjort vanleg vedlikehaldsarbeid ved bygningane på Voss folkemuseum i meldingsåret.

Vavollstova, ei årestove ved **Kvam bygdemuseum**, fekk installert byggørkar, som fyrste lekk i å handsama treverket mot skader av borebille (mit). Ove Kyte i Tørrmuring AS reparerte trappa inn til våningshuset. Det står att å pussa muren på veggjen bak trappa.

Ved Borgstova i Vikøy, Kvam, er det utarbeidd ein avtale med Siri Byrkjeland om plan for formidling og lån av toalett. Det har elles vore lite aktivitet i Borgstova dette året.

Forvaltning av historiske fartøy

Hardangerjakta «Mathilde» har hatt trong for ei større istandsetjing. I 2020 fekk me på plass tilskotsmidlar, slik at arbeidet kunne starta. Hardangerjakta frå 1884 er rigga ned, sett på slipp og me skiftar ein del treverk i skrog, dekk og rekker. Nokre detaljar i riggen vert òg utbetra. Nokre detaljar vert gjort meir historisk korrekte, i samsvar med nyare kjeldegranskingar og dokumentasjon. Arbeidet skal etter planen vera ferdig til seglsesongen 2021.

Bilferja MF «Folgefonn I» er freda etter lov om kulturminner og står i dokk for å verta totalrestaurert. I april 2020 tok Bredalsholmen Dokk og Fartøyvernssenter opp att stålarbeidet på ferja. Dette arbeidet tok til i 2019, men måtte avbrytast på grunn av manglande midlar. I 2020 har Bredalshomen jobba med utbetring av hudplater, reparasjon og utbetring av spant, utskifting av botnstokkar og stiverplater i forpeak samt utbetring av dekkbjelkar med støtter og kneplatar. Tildekkinga på brudekket er òg oppgradert. Presenningen som tidlegare har beskytta mot vær og vind er erstatta av plater, som ei meir langsiktig løysing, då «Folgefonn» vil liggja i dokk i fleire år framover. Motordele er frakta til Norsk Veteranmotor AS på Rubbestadneset, der dei har jobba med overhaling av desse. Hovudmaskina står lagra i lokala til Norsk Veteranmotor, som er eit miljø av frivillige fagpersonar som hovudsakleg har vore knytt til Wichmann motorfabrikk.

HFS samarbeider med Vennelaget Faun (VF) om drift og vedlikehald av MY «Faun». I vinterhalvåret ligg båten i opplag i flytenaust ved HFS, og i sommarhalvåret ligg båten i Nordåsvannet like ved Gamlehaugen i Bergen. Kvar haust vert det sett opp arbeidsliste med aktuelle oppgåver fordelt på HFS og VF. VF har normalt aktiv drift gjennom heile sommarhalvåret frå medio mai til medio september. Venelaget har over 100 medlemmer som kan delta på venelagsturar eller lengre turar til festivalar og arrangement.



SJ «Mathilde» på veg opp på slippen. Foto: Silje Ensby

P.g.a. korona-pandemien har det berre vore gjennomført nokre få turar i 2020. Båten vart tatt til Bergen i juni, men kom aldri i drift.

I august oppstod ein akutt lekkasje i kjølen på Faun, og båten vart brakt til kai ved Gamlehaugen der lekkasjen vart midlertidig tetta frå innsida. Straks slippen på HFS var ledig vart Faun slippsett for reparasjon og botnstoffing. Årsaka til lekkasjen var ei glipe i ein lask i kjølkonstruksjonen som no lot seg tetta frå utsida. Det viste seg også å vera to dårlege støtar som no vart drivne, den eine måtte i tillegg lappast over med ei blybot. Det vart skifta sinkanoder og smurt på nytt botnstoff. Skroget vart pussa og malt med eitt strøk linoljemaling.

Etter motorhavariet i 2019 har MK «Vikingen» ikkje vore i operativ stand. Det er gjort noko arbeid på motoren av frivillige som er engasjerte i fartøyet, men dette er ikkje ferdigstilt. Fartøyet vart på vårparten pakka ut av presenninghuset og dekket er smurt fleire gonger med linolje. Styrehus og det meste av rekka vart skrappt for laus maling og malt opp igjen. Det vart i år oppdaga roteskader i topprekka på hekken. Rekka og nokre beslag vart demontert og me fann då meir rote nede i tømringa på hekken. Alt dette vart utbetra. Vikingen fekk på seinsommaren plass på slippen og fekk ein lenge etterlengta overhaling av botnen. Noko driving, stråkjølen fekk nye stråkjølhakar akter på styrbord side, ny sinkanode vart satt på og undervasskroget botnsmurd.

Driftsbygningar og anlegg

Nye takrenner til administrasjonsbygget ved **Hardanger folkemuseum** på Utne sette ein stoppar for innsig av vatn i bygningen. Samstundes fekk ein gått over taket. Arbeidet med nytt personalkjøken kom i gang i desember. Elles har det vore vanleg vedlikehald.

Arbeidet med generalplanen «Tett på» for **Hardanger fartøyvernssenter** og ombygging av Kulturnaustet har kome eit langt steg vidare. Detaljprosjekteringa av Kulturnaustet og Smietunet er ferdig. Kulturrådet si vurdering av prosjektet ved årsskiftet var positiv, og Familie- og kulturkomiteen vedtok

ein tekstmerknad til statsbudsjettet som støttar søknaden til Kulturdepartementet.

Stadige forbetringar på anlegget til HFS er små steg i rett retning. Eit stort steg var å få på plass den flotte smidde porten ved innkøyringa. Dette er både eit sikringstiltak og eit estetisk løft.

Arkiv og bibliotek

Voss folkemuseum har ei stor boksamling. Denne er ikkje godt nok registrert, dels av di tilveksten har vore stor dei siste åra. Frå hausten 2018 til utgangen av februar 2020 hadde me ein bibliotekar i arbeid, i ei stilling som dels var betalt av NAV. Samlinga vert registrert i programmet BiblioFil, programmet Voss bibliotek nyttar, og det er råd å søkja i samlinga vår frå nettsidene deira. Då prosjektperioden var over var om lag 3000 bøker registrert. Det aller meste av lokale bøker er registrert og samla i ei eiga hylle. Den uregistrerte delen av samlinga er grovsortert etter emne. Me reknar med at det i alt er snakk om rundt 20 000 bøker.

Hardanger folkemuseum har mange hyllemeter med historisk arkiv. I haust gjekk avdelinga i gang med registrering av dette i bruk programvaren Asta. Dette vil gje oss betre oversikt over arkiva, og me legg opp til publisering av materialet på Arkivportalen. Satsinga held fram i 2021.

Saman med plateselskapet Talik har Hardanger folkemusikksamling gitt ut Halldor Meland sine tidlegaste innspelningar på ny. Desse vart originalt gitt ut på Farre og Gramophone i 1911 og 1915.

Platene er digitaliserte hjå lydlaboratoriet ved Nasjonalbiblioteket, Mo i Rana, ved Sigbert Fryxell og Thomas Bårdsen. Etterarbeid og mastering ved Strype Audio, Audun Strype. Utgjevinga skulle vore feira med stor konsert i november, men denne er utsett til 2022.

Det digitale fotoarkivet ved **Hardanger fartøyvernssenter** er langt på veg lagt inn i eit arkivsystem (FotoWare) som er basert på søkbar tekst (metadata). Dette gjer det langt enklare å finna arkiverte foto. Systemet vert òg nytta til dokument i pdf-format. Ein del eldre dias er skanna òg lagt inn i arkivet.

Fagbok-samlinga ved fartøyvernssenteret, omkring 1800 titlar, er i løpet av 2020 lagt inn i biblioteksystemet MicroMarc i samarbeid med Kvam folkeboksamling. Framleis står det att noko arbeid med innlegging av metadata.

Arkivmateriale som eigarane av MS «Granvin», MK «Fremad II» og galeas «Svanhild» har samla inn vert skanna og etter kvart avlevert til eit profesjonelt arkiv etter nærare avtale med eigarar. Dette er ein del av «Arkivprosjektet» som m.a. går ut på å få fram erfaringar med å sikra historisk kjeldemateriale om dei verna og freda fartøya. Prosjektet har som mål å etablere eit felles søkbart dokumentasjonssenter for dei tre nasjonale fartøyvernssentra.



Kurs i åremaking vart leia av Peter Helland-Hansen. Foto: Silje Ensby

FORVALTNING AV IMMATERIELL KULTURARV

HVM prioriterer tradisjonelle handverksfag og folkemusikk. Dei maritime faga er fartøybyggjar, småbåtbyggjar, skipssmed, mekanikar, reipslagar og bestmann. Hardanger fartøyvernssenter er godkjent som lærlingbedrift innan smed-, reipslagar- og båtbyggjarfaget. Hardanger folkemuseum har tilsett hardingfelespelar ved folkemusikkarkivet, som ein del av ordninga med fylkesmusikar som vart innført tidleg i 1990-åra. Hardingfela.no er ei vidare satsing på folkemusikk i partnerskap med Ole Bull akademiet på Voss. I partnerskapen samarbeider me om folkemusikk som hardingfelespel, folkedans, kveding og felebygging. Forvaltning av immateriell kulturarv er såleis integrert i mange sider av drifta ved HVM, gjennom restaurering av historiske bygg og fartøy, fagopplæring, kurs m.m.

Reipslagning

Ei viktig satsing ved **Hardanger fartøyvernssenter** i 2020 har vore arbeidet med å skaffa ein god leverandør av hampegarn til tauproduksjon. Dette har dei siste åra vorte meir og meir utfordrande. Tidleg på året reiste ein av reipslagarane til ein fabrikk i Egypt for å sikra at dei produserer garn på ein måte som støttar våre kvalitetskrav. Besøket resulterte i ei bestilling frå vår side, men koronaen har forseinka leveringa.

Når me skal slå tau av litt større dimensjonar må me nytta oss av reiparbanar med utdrivarteknologi. Dei siste åra har me reist til ein reiparbane i Sverige for å få slått slike tau, men dette har ikkje vore mogleg i år. Dette har aktualisert ynsket vårt om å få ein utdrivar-reiparbane i Noreg i drift. Me har i løpet av året kome vidare med eit samarbeid med Nordmøre museum, der målet er å få til drift av Brunsviken reiparbane i Kristiansund.


Ut over desse prosjekta har me gjennomført eit fagleg utviklingsprosjekt knytt til jakta «Anna av Sand», produsert tau på bestilling, gjennomført eit Den kulturelle skulesekken-

opplegg for ungdomskuleelevar, kurs i reipslagning for ålmenta og formidla kunnskap om reipslageryrket til ålmenta gjennom verkstadbesøk, og digital formidling av dei ovanfor nemnde prosjekta.

Småbåtverkstaden

Me ferdigstilte i løpet av våren ein seksæring bygd på bestilling frå Sandviken kystlag til Bergen båtdeleging. Tingaren fylgde bygginga tett, så dette vart også eit godt formidlingsprosjekt. Båten vart døypt Fløttmann av ordføraren i Bergen på eit arrangement i slutten av mai.

Me fekk uvanleg mange førespurnader om tilstandsvurderingar og restaureringar i løpet av koronavåren 2020. I løpet av året har me restaurert sju båtar og ein kano, og dessutan levert sju par årar. Me selde også to færingar frå lager denne sommaren. Alt dette til private kundar. Mange kunne difor nytta koronasommaren 2020 i ein robåt. I løpet av hausten vart det bygd to nye strandebarmarar i verkstaden, ein på spekulasjon og ein på bestilling frå Universitetet i Sørøst-Norge (til bruk i friluftslivsstudiet).



Ut over dette har me gjennomført eit dokumentasjonsprosjekt knytt til kyrkjebåtar og andre tradisjonsbåtar i Hardanger med naust-miljø. Byggjeprojekt og båtar med utgangspunkt i verkstaden er formidla, me har også gjennomført eit DKS-skuleopplegg for småskulen om båtbygging, gjennomført kurs i åremaking og kurs i kipemaking og i samarbeid med volontørane frå Tyskland gjennomført eit sponkurvflittingsprosjekt.

Tekstil

På **Hardanger folkemuseum** arrangerte me to hardangersaumkurs, i samarbeid med Utne hotel. Me har arrangert slike kurs sidan 2012, og tilbodet er godt innarbeidd. Kursa vart tilpassa med færre deltakarar og større avstand. To bringklutkurs vart haldne i samarbeid med Folgefonn husflidslag. Tilgangen til museet sine store tekstilsamlingar og utstillingar er med å gje kursa i tekstile handverksteknikkar ei fagleg ramme ein ikkje får andre stader, og er eit godt utgangspunkt for vidare satsing.

Museet har engasjert seg i å vidareføre kunnskapen i korleis laga det tradisjonelle koneskautet til Hardangerbunaden. Teknikken kallast skautfelling, og er svært komplisert. I lag med Folgefonn husflidslag og Ringøy og Bu bygdekvinnelag er me no i gang med del 2 av dette prosjektet, der me søker midlar til djupnekunnskap i skautfelling. I 2020 fekk me mellom anna midlar frå Norsk kulturråd. Gjennomføring av denne delen av prosjektet er planlagt til siste del av 2021, samt starten av 2022.

Bygningsvern

Innan bygningsvern vart det i samband med istandsetjinga av Lagmannsstova arrangert fleire kurs og samlingar i **Agatunet**. I mars hadde me ei samling der me brann kalk i kalkomnen. Chris Pennock, murar frå Nidaros Domkirkes restaureringsarbeid (NDR) var med på heile brenninga med

råd og bistand. NDR har stått for all opplæring og overføring av kunnskap om kalk dei siste tre åra, slik at både museet og dei firma som har delteke no kan utføra vedlikehald på mellomalderkjellarane i Agatunet. Bygghytta hjå NDR fekk i 2020 Unesco-status, og dette samarbeidet har stor verdi for oss.

I haust arrangerte me ei samling om restaurering av vindaug i Agatunet leia av handverkar Morten Haavik. Dette skulle ha vore eit vekeskurs ope for alle interesserte, men vart no noko avgrensa grunna Korona-situasjonen. I løpet av kurset hadde me to deltakarar på hospitering heile veka, og opna opp for fleire i to dagar. Tema var trevindaug, blysprossevindaug og klebersteinsvindaug. Instruktørane var Jørn Styve frå Styve Møbelsnikkeri (trevindaug), Gunnar Kjerland (blysprossevindaug) og steinhoggar Espen Sørburø frå NDR (klebersteinsvindaug). Sistnemnde var med oss heile veka og jobba med å hogga til emne i kleberstein som skal nyttast til å vøla omramminga kring dei gamle vindauga i muren.

Oppgangssaga i Herand, Ullensvang, vart i 2019 slegen saman med Stiftinga HVM, og me hadde ansvar for drifta i 2020. Oppgangssaga er eit freda kulturminne med ein viktig immateriell del. Drifta av saga er førebels organisert som eit prosjekt under Fartøyvernavdelinga, men vert òg sett i samheng med oppdrag innan bygningsvern. To relativt omfattande bygningsvernoppdrag vart gjennomført i 2020. Dei eine var eit større grindbygd naust i Kvam. Det andre var eit stabbur datert til 1500-talet, opphavleg frå Sørfjorden, men atterreist i Kvam.

Tilknytting til vidareutdanning for bygningsvernhandverkarar gjennom Teknisk fagskule og NTNU gjev òg nye perspektiv og auka kompetanse på forvaltninga av immateriell kulturarv, vidareføring av handverkskompetanse og opplæring.

Fartøyvern

Gjennom evalueringa av fartøyvernentra i 2018 vart det klart at ein skulle satsa meir på vidareføring av handverk som ei kjerneoppgåve ved dei tre nasjonale fartøyvernentra. Dette har ført til at ein del oppgåver som ikkje har vore så høgt prioriterte dei seinare åra no er meir aktuelle. M.a. vert det no brukt meir ressursar på å dokumentera handverk, både gjennom å studera eldre handverksprodukt, verktøy, litteratur m.m. og gjennom eiga utøving. Slik vil me få eit stadig større materiale som grunnlag for vidareføring og forvaltning. I 2020 har me halde fram med å dokumentera ulike teknikkar knytt til riggfaget og reipslagarfaget. Me har òg arbeidd med materialkunnskap knytt til dekksmaterial, stål og hamp.

Lærlingordninga er viktig både for å vidareføre kunnskap og rekruttering. Ikkje minst er det ein viktig del av samfunnsoppdraget å bidra til at ungdom kan få fullføra utdanninga si i læreverksemd. Ved utgangen av året hadde Hardanger fartøyvernentra sju lærlingar: Ein i reipslagarfaget, ein i smedfaget og fem i trebåtbyggjarfaget (der den eine er knytt til småbåtverkstaden). Ei fagprøve i trebåtbyggjarfaget vart gjennomført i 2020, med godkjend fagbrev som resultat.



Under kulturminister-besøket i juli fekk Nøringen-ungane frå Voss vist kva dei kan. Foto: Kjell Herheim

Hardingfela.no

Det store gjennombrøtet for Hardingfela.no i 2020 var at me frå 2021 får 800 000 kroner i driftstilskot over statsbudsjettet. Vestland fylkeskommune auka også driftstilskotet til Hardingfela.no med 150 000 kroner, slik at me får 450 000 derfrå. Me er ikkje heilt i mål økonomisk, men denne tilskotsauka er stadfesting av det gode arbeidet som er gjort, og det sikrar vidareføring av arbeidet vårt. To arbeidsplassar er sikra innan folkemusikk og folkedans. Hardingfela.no er eigd av HVM og Ole Bull Akademiet (OBA). Rannveig Djønne er dagleg leiar for Hardingfela.no, medan Magni Rosvold er fagkonsulent for dans.

I Hardingfela.no kan me haka av på alle nasjonale mål for vår sektor. Hardingfela.no gir tilgang til kunst og kultur, fremjar kunstnarleg utvikling og fornying, me skapar møteplassar og byggjer fellesskap, og me bidreg til innsamling, dokumentasjon og formidling av kulturarv. Tilbodet vårt er særleg retta mot born og unge, men skapar møte mellom menneske i alle aldrar. Me opplever at forvaltninga er svært nøgde med den jobben me gjer i Hardingfela.no.

2020 var eit tøft år, der mange planlagde aktivitetar måtte avlysast eller utsetjast. Men me fekk brukt meir tid på å få eit endå tettare samarbeid mellom dei to eigarane av Hardingfela.no. Samstundes har me jobba meir strategisk og med synleggjering av det me driv på med opp mot politikarar og forvaltninga. Me har også evaluert Hardingfela.no og lagt vegen vidare.

Rådet for Hardingfela.no har i 2020 hatt fylgjande medlemmer: Arne Jordan frå Hardanger Spelemannslag, Lars Gjelland frå Voss Spelemannslag, Silje Solberg frå Hordaland Folkemusikklag, Øystein Rambjørg frå Hordaland Ungdomslag, Wenche Gausdal frå Hordaland Fylkeskommune, Randi Bårtvedt frå HVM og Jo Asgeir Lie frå OBA. Frå og med 2021 vert rådet endra til å ha eit større

regionalt fokus på Vestland og kjem til å få representantar frå Hordaland folkemusikklag, Sogn og Fjordane folkemusikklag, Hordaland ungdomslag, Sogn og Fjordane ungdomslag, Førdefestivalen, Osafestivalen og eigarinstitusjonane.

Nøringen er eit kulturskuletilbod i alle Hardangerkommunane og Voss, med kulturarv som tema og folkemusikk og folkedans som den raude tråden. Etter pilotåret 2018/2019, som var initiert av Hardingfela.no, var det opp til dei ulike kommunane om dei ville halda fram med Nøringen i sine egne budsjett. Fire kommunar valde å halda fram – Kvam, Ulvik, Ullensvang og Voss. Ein ser at rekrutteringa til t.d. kveding, trekkspel og hardingfele har auka på Voss. Sunnfjord museum har starta eit liknande opplegg i samarbeid med Sunnfjord kulturskule, og initiativtakarar i Groruddalen i Oslo er i gang med det same. Mange tek kontakt for å vita meir om Nøringen.



Full konsentrasjon hjå ein av deltakarane på Morgondagens felemakarar. Foto: Ingerid Jordal

Hardingfela.no skulle fylgja opp Nøringen ved å ha m.a. kurs i lokale barnesongar og songleik for barnehagelærarane i regionen. Dette let seg ikkje gjennomføra av omsyn til smittevern. I staden har me i samarbeid med Berit Opheim oppretta ein songkanal på Youtube: «Nøringen – Syng med Berit». På Granvin bygdetun, Agatunet, Dagestadmuseet, Kabuso og Haugesenteret har me filma kring 60 opplæringsvideoar med songar frå Hardanger og Voss, som no ligg tilgjengeleg for alle som vil læra seg dei. Tilbodet har vore populært både barnehagar, i skular og i heimar. Me laga òg ein jolespesial med jolesongar frå Vestland. I 2021 skal me fylgja opp dette med å filma songleikar med Astri Sudmann: «Nøringen – leik med Astri».

UngOsa er eit storkurs me arrangerer i samarbeid med Osafestivalen. Dei siste fire åra har kurset vore ei helgesamling, men grunna smittevernomsyn vart det i år ei eindagssamling på Ole Bull Akademiet. 35 unge hardingfelespelarar, toradarspelarar, songarar og dansarar frå sju år og oppover deltok.

I samarbeid med felemakarverkstaden ved OBA fekk me i 2020 i gang prosjektet **Morgondagens felemakarar**. Seks born og unge frå Hardanger og Voss hospiterer på felemakarverkstaden to timar i veka, og i løpet av tre år skal dei ha laga si eiga hardingfele. Nokre halvferdige delar til felene er kjøpt inn frå felemakar Ole Gjerde. Me var godt i gang før landet vart stengt ned i mars, og har teke opp att tråden i dei tidsperiodane me har fått lov til det. Morgondagens felemakarar har fått stønad frå Norsk Kulturråd, Vestland fylkeskommune, Voss herad og Sparebanken Vest.

Trioen **Felefylgje**, som har hatt sommarkonsertar i museumstuna m.m. i regi av Hardingfela.no 2016–2018, vart i 2019 erstatta av solokonsertar med utøvarar knytte opp mot dei ulike museumsavdelingane. Grunna dårleg økonomi i Hardingfela.no i 2020 ynskte museumsavdelingane å fortsetja med solokonsertar der unge utøvarar skulle ha ein kombinasjonsjobb med å vera vertskap i tuna og utøvarar. HVM tilsette færre sommarhjelpar i 2020 enn tidlegare år, og då vart det ikkje musikk i tuna. Frå neste år er Felefylgje tilbake i budsjettet til Hardingfela.no.

Den 19. juli var kulturminister Abid Raja på Mølstertunet på Voss folkemuseum, saman med familien sin. Hardingfela.no vart grundig presentert, og statsråden og kona hans fekk vera med på springarkurs. Dei fekk òg sjå og høyra song frå Nøringen-born, spel frå unge hardingfelespelarar frå Voss og flotte innslag med lur og halling.

Hardingfela.no har dei siste åra vore sekretariat for Hordaland fylkeskommune sine folkemusikkstipend. Vestland fylkeskommune har vidareført ordninga, og Hardingfela.no er framleis sekretariat for nemnda som innstiller til stipendvinnarar. Årets vinnarar var Steinar Rygg (60 000 kroner), Johanne L. Mjøs (25 000) og Maria S. Toppe (25 000).

Frivillig arbeid

På **Skredhaugen** har *Skredhaugens vener* hatt fleire arrangement og konsertar i sommar, sjølv om også dei måtte gjera endringar i planane. Det store spelet om heilag Olav som gjestar Ullensvang vart avlyst, medan konsertar med Mina og Torstein Langesæter, Olve Haugen og Ragnhild Opedal Tveit, Kvitanesen og Mari Skeie Ljones gjekk som planlagt. Me gjennomførte òg aktivitetsdag og sundagsinnslag, med Harald Bjørndal med trearbeid og Olaug Bjørndal med diktbøker. Samarbeidet med venelaget er veldig kjekt, og dei gjer ein god jobb for Skredhaugen og bygda.

Agatunet hadde i haust samling om restaurering av vindauge. På samlinga deltok nokre pensjonistar som i etterkant fullførte arbeidet med vindauga. Det vart planlagt å danna ei frivillig gruppe som kan delta på enkelt vedlikehald under leiing av den tilsette handverkaren. Frå før er det ulike frivillige grupper i Agatunet som kunstlag og venelag, og ei vedlikehaldsgruppe vert eit positivt bidrag i tunet.

«Vennelaget MY Faun» syt for drift og formidling av den verna lystbåten MY «Faun». Dei bidreg dessutan monaleg til vedlikehaldet av båten.

Noko frivillig innsats er utført på MK «Vikingen» i samband med reparasjon av motor.

Motoren til MF «Folgefønn I» er sett i stand ved Norsk Veteranmotor AS, der tidlegare mekanikarar og andre knytt til Wichmann motorfabrikk yter frivillig innsats for å skaffa inntekter til å driva verkstaden.

Hardanger trebåtfestival er hovudsakleg driven av frivillige i Kvam, med mellom anna Hardanger fartøyvernssenter som ein viktig medspelar. Festivalen vart avlyst i 2020.

Festivalen *Wings & Wheels* er òg driven av frivillige, med Hardanger fartøyvernssenter som vertskap. Festivalen vart avlyst i 2020.



Kulturminister Abid Raja og Nadia Ansar under springar-kurset på Mølstertunet. Foto Kjell Herheim

FORSKING, KUNNSKAPSUTVIKLING OG RÅDGJEVING

HVM skal forska og produsera kunnskap med utgangspunkt i egne samlingar og fagfelt. Me skal forska på våre prioriterte tema i regional og nasjonal samanheng i fylgje gjeldande planar for regionen og nasjonalt. Me skal driva forskingsamarbeid med eksterne FOU-miljø og dei nasjonale museumsnettverka.


Dette arbeidet er viktig av mange grunnar. Det er grunnleggjande viktig at me som museum formidlar truverdig kunnskap og kan gje gode råd til brukarane våre. Måloppnåinga har ikkje vore tilfredsstillande, sjølv om kunnskapsutvikling er ein integrert del av arbeidet på alle felt, særleg når det gjeld immateriell kulturarv. Men det kjem i for liten grad fram i form av tekstar og fagfelleverderte forskning, slik at det vert vanskeleg å kvantifisera måloppnåinga. Dette feltet vert difor eit særskilt satsingsområde fram til 2022. Nasjonalt har dette vore eit stor tema for musea i 2020, som igjen har gitt grunnlag for interne drøftingar. Me vil kort omtala nokre prosjekt som dreiar seg om kunnskapsutvikling.

Knut Nes, pensjonert lærar i fruktdyrking, har saman med **Hardanger folkemuseum** valt ut fleire gamle fruktsortar som vert planta ut i museumstuna. Sørfjorden er eit av dei «Utvalde kulturlandskap i jordbruket», som er ei økonomisk satsing og ein arbeidsmåte for å ta vare på eit representativt utval av verdfulle norske jordbrukslandskap. HVM har fått midlar frå fylkesmannen til dette fruktdyrkingsprosjektet, der me òg skal gjera forskingsintervju med fruktdyrkarar.

Agatunet har ein sentral posisjon i kulturlandskapet i Sørfjorden og representerer m.a. mellomalderhistorie, rettshistorie og fruktdyrkingshistorie. På bakgrunn av dette vart HVM i 2020 tekne opp i det faglege nettverket Mellomalderklynga, koordinert av Universitetet i Bergen. Her er fleire sterke fagmiljø som tek vare på den felles kulturarven frå mellomalderen. Mellomalderklynga er eit samlande organ for desse fagmiljøa og støtter opp om samfunnsoppdraga til samarbeidspartnarane: forskning, utdanning, formidling og forvaltning, med fokus på nyskaping og innovasjon.

Bygningsvernkonsulent Anne Lise Brask Eriksen har også i år hatt oppdrag frå og samarbeidd med fylkeskommune, kommune og gitt rådgjeving til private huseigarar av verneverdige og freda hus. Denne rådgjevingstenesta i Hardanger-regionen har vore nedfelt i ein samarbeidsavtale mellom museet og fylkeskommunen sidan 2000, og fylkeskommunen har bygningsvernkonsulentar i fleire regionar.

Reipslagar og riggar ved **Hardanger fartøyvernssenter**, Sarah Sjøgreen, arbeidde i 2020 med dokumentasjon av utdrivarteknikken, som er eit mellomstadium mellom dei gamle metodane og den industrielle framstillinga av tau. Dette er eit pionerarbeid – denne teknikken har ikkje tidlegare vore særleg godt skildra i skriftleg form.



I 2020 er det utført til dels omfattande dokumentasjons- og rådgjevingarbeid knytt til fleire fartøy, mellom anna desse:

- Galeas «Norden»: Teknisk-historisk dokumentasjon
- Rutebåten «Tafjord»: Teknisk-historisk dokumentasjon m.m.
- Galeas «Søblomsten»: Teknisk-historisk dokumentasjon
- MS «Reidulf II»: Teknisk-historisk dokumentasjon
- Innreiing av mannskapslugarar i forskipet på DS «Stord 1».
- Innreiing av skipparlugar på autolinebåten «Haugefisk».
- Verktøyseminar med tema sliping. Målgruppa var handverkarar i kulturminnevernet, men på grunn av korona-restriksjonar vart dette i staden eit internt seminar.
- Vedlikehald av rigg om bord i dei verna seglfartøya «Anna Rogde» og «Folkvang».
- Forarbeid til verneplan for lystbåtar i samarbeid med Oslofjordmuseet.

Fartøyvernssentra har gjennom fleire år utarbeidd faktaark, særleg omkring ulike vedlikehaldstema. I 2020 vart det utarbeidd eitt faktaark på film: «Vårpuss – årleg vedlikehald av småbåt».

FORMIDLING

HVM skal formidla kunnskap basert på forskning, samlingane og fagområda våre. Me skal vera i dialog med eit breitt publikum og vera inkluderande. Aktivitets- og opplevingsbasert formidling skal prioriterast og vera tilpassa ulike målgrupper. Barn og unge er ei prioritert målgruppe. Me skal vera ein attraktiv besøksstad for turistar og samarbeidspart for reiselivsbransjen.

Formidling er ein integert aktivitet i HVM året rundt. I tillegg kjem milepålar i forhold til måla me har sett oss. Den viktigaste i 2020 var at ny basisutstilling ved **Voss folkemuseum** vart sett i gang. Dette er eit prosjekt som har gått over mange år, der òg oppgradering av bygningen har vore gjennomført.

I eit år utanom det vanlege erfarte me at formidlingsarenaene til HVM er attraktive, og me hadde godt besøk i juli. Med mange innanlands reisande var det kjekt å oppleva at dei oppsøkte tilboda våre og gav oss gode tilbakemeldingar. Dette må me kunna sjå som eit teikn på at mange oppfattar tilboda som relevante. «Sommarpass», eit billettsamarbeid med andre museum i regionen, fungerte bra. Barn og unge har fått særskild merksemd i fleire av formidlingstilboda som er lagt til rette. Kurs i ulike handverk har vore populære.

Formidlingsplanen skulle vore rullert i 2020, men dette vart utsett til 2021. Vidare hadde HVM planar om å arbeida med formidlingstiltak knytt til mangfald og inkludering. Dette vart òg utsett til 2021. Basisutstillingane ved dei store besøksstadane skal etter planen fornyast, vera aktuelle og relevante både i form og innhald. Førebels er det berre Voss folkemuseum si basisutstilling som er konkretisert, men Ingebrigt Vik museum og folkemusikkutstillinga ved Hardanger folkemuseum står framfor fornying.

Agatunet, Hardanger folkemuseum og Skredhaugen

Denne sesongen hadde me redusert opningstid samanlikna med tidlegare år. Fleire av dei fast tilsette jobba i resepsjon, butikk, kafé og med omvising. Me freista å halda bruken av omvisarar lågt, og sette fast tilsette inn i fyrsteline. Dette vart justert med fleire sesongtilsette etter kvart som behovet auka. Det var tidvis belastande, men òg kjekt og nyttig. Mykje tid kvar dag gjekk med til reinhald og andre smitteverntiltak. Særleg i Agatunet hadde me ein svært god julimånad. I kafeen har me satsa meir på lunsj og mindre på kaker. Det ser me gode resultat av.

For fyrste gong er det i år utarbeidd ein skriftleg førar for Agatunet. Den gjev ei innføring i klyngetunet si historie, Agatunet si mellomalderhistorie, og presenterer kvart hus. Då fleire av husa me til vanleg tek publikum inn i er for små til at me i år kunne ta grupper med på omvising i dei, vart føraren ekstra verdsett. Me ser òg at gjestane etterspør meir skriftleg historie dei kan kjøpa med seg. Den skriftlege føraren



Sidersmaking i historiske omgjevnadar på Agatunet. Foto: Line B. Iversen

på Hardanger folkemuseum vart revidert og utvida. Nokre nye hus er kome til sidan han vart produsert, og mykje ny informasjon om fleire av bygningane og historia kring dei har òg kome til.

Sommarens store slager har vore sidersmaking. Båten «Visions of the Fjords» gjekk i rute i Sørfjorden denne sommaren, med stopp hjå utvalde siderprodusentar. Lunsj og omvising i Agatunet inngjekk i to av dei daglege turane i skuleferien. Sesongen vart utvida til oktober. I denne perioden har Agatunet òg vore vertskap for sidersmakinga, som då inneheldt ei innføring i frukthistorie, Agatunet si historie og omvising i tun og Lagmannsstova. Me fekk sers gode tilbakemeldingar på opplegget, og gler oss til å vera med på sidereventyret vidare. Utover hausten har me teke mot gjester til smaking etter at båten slutta å gå.

Både Agatunet og Skredhaugen var arena då Ullensvang sitt alternative og digitale 17. mai program vart innspelt.

Utstillinga *Gerhard Munthe - Eventyrlige interiører* opna i storsalen ved Hardanger folkemuseum søndag 21. juni, og sto til 10. september. Utstillinga er ein del av Nasjonalmuseet sitt landsdekkjande program, og det er andre gong me er vertskap for desse vandreutstillingane. Berit Opheim song utdrag frå Draumkvedet under opninga, og Gunnar Danbolt heldt foredrag. Seinare på sommaren hadde me òg foredrag med Jan Kokkin, som har kuratert Munthe-utstillinga.

I Agatunet vart årets kunstutstillingar utsett til 2021. Den eine skulle synt verk av Ingunn van Etten, Felicitas Aga og Svein Nå; den andre var ei fotoutstilling. Tida er òg mogen for å jobba meir med kulturhistoriske utstillingar i Agatunet.

På Skredhaugen opna me dialogutstillinga *Mellom tuja og syrin* av Patrik Entian. Utstillinga er den fyrste i ein serie der kurator Lars Korff Lofthus inviterer ein kunstnar til å gå i dialog med kunstsamlinga etter Jon Bleie. Denne samlinga er eigd av Ullensvang kommune og har fast utstillingsstad på Skredhaugen. Ho inneheld verk av mellom anna Harald Kihle, Henrik Sørensen, Kåre Espolin Johnsen og Kristi Meland. Kunstnaren laga nye verk som vart stilte ut saman med utvalde verk frå Bleie-samlinga. Patrik Entian løyste dette på ein flott og spennande måte, og fekk publikum til å sjå verka i Bleie-samlinga med nye auge. Kultursjefen i Ullensvang, Else Marie Sandal, opna utstillinga, og Rannveig Djonne og Annlaug Børnheim hadde konsert.

An Doan Nguyen stilte ut oljemåleri i utstillinga *Et underlig fenomen*, som stod i storsalen frå 17. oktober til 13. november. Dette var eit samarbeid med Hardanger kunstlag og kurator Kjell-Erik Ruud. Alle verka hadde motiv frå Hardanger, og var laga etter at Nguyen besøkte Hardanger i sommar. På opninga vart det òg framsyning av musikkteateret *Husmann*. Manus er skriva av Ruth Lillegraven, og musikken er komponert av Rannveig Djonne og Annlaug Børnheim. Saman med dei på scena var skodespearane Morten Svartveit og Kjersti Odden Skjeldal, og folkedansaren Torkjell Lunde Børnheim. Manuset er skriva med inspirasjon frå husmannslivet i Hardanger og musikken henta inspirasjon frå tradisjonsmusikken.

Vandreutstillinga *Musea dansar* vart sett opp i Storsalen på Hardanger folkemuseum i desember. Ho fortel dansen si historie i Noreg, og om dansen i Noreg i dag. I utstillinga møter ein gamaldans, springar, tango og swing, og nyinnvandra dansetradisjonar som jazzdans og samtidsdans. *Musea dansar* er laga av Norsk senter for folkemusikk og folkedans i Trondheim. Ho vart tilpassa kvar utstillingsstad med lokalt arkivmateriale frå kvar plass sine dansetradisjonar.



Leirskule på SJ Mathilde. Foto: Hardanger fartøyvernssenter

2020 er det niande året med folkemusikkscena på Hardanger folkemuseum. I alle desse åra har me fått arrangørstøtte frå Kulturrådet, etter søknad basert på konsertprogram med profesjonelle folkemusikarar, kring 14 konsertar i året. I juni fekk me tilslag på søknad om arrangørstøtte, og fekk 130 000 kroner for konsertprogrammet i 2020.

Diktardagen vart utsett frå juni til 12. september. Denne vart arrangert saman med Olav H. Haugesenteret i Ulvik, der me saman har laga kriteria for prisen Årets diktar. Den gjekk i år til Hilde Myklebust, og ein rørt og glad prisvinnar la ned dikttavle i tunet. Saman med Camilla Granlien og Mari Skeie Ljones heldt ho ein vakker konsert med diktlesing. Dikttavla inneheld eit dikt, strofe eller sitat vald av dikteren sjølv, og vart utforma av biletkunstnar Cecilie Broch Knudsen.

Samarbeidet med barnehagane på vestsida av Sørfjorden gjekk sin gode gang fram til nedstenginga i mars. Det kom i gang att etter sommaren, med besøk i Munthe-utstillinga, besøk i måleriutstillinga *Et underlig fenomen* med tilhøyrande workshop, musikkstund med song og felespel – der me fekk nytta Syng med Berit-videoane, og julehandel i Sjurabua. Undervisningsopplegget til Munthe-utstillinga var svært populært, og me strakk utstillingsperioden så langt me berre kunne for at alle som ville skulle få plass. Barnehagar, barneskular, ungdomsskular og kulturskular tok del. Etter at det vart gratis for passasjerar å reisa med ferja vart Kinsarvik skule og barnehage plutselig i «gangavstand», og det har både dei og me oppdaga. Grunna utviding av sidersesongen i Agatunet tok me inn litt ekstra hjelp til å gjennomføra undervisningsopplegga.

Det vart utarbeidd undervisningsopplegg til *Musea danser*-utstillinga som opna 6. desember. Grunna mykje anna aktivitet i skular og barnehagar så tett oppunder jul vart oppstart av opplegget lagt til januar 2021.

Formidlingsgruppa i HVM har utarbeidd eit aktivitetshäfte som kan delast ut til born som vitjar avdelingane. Me hadde færre born enn vanleg innom denne sesongen, men det er fint å ha eit hefte til dei som kjem.

Granvin bygdemuseum

2020 skulle vera året der buande vertskap i tunet skulle auka aktiviteten gjennom utvikling og formidlingsarbeid. Slik gjekk det ikkje heilt, som me alle veit, likevel har det vore kring 200 besøkjande i ulike samanhengar. Det har vore konsertar, både innandørs og på utescena, øvingar i Hardanger Spelemannslag, møteverksemd i venelaget, spelemannslaget og Voss Kulturråd, heile to opptaksdagar knytt til folkemusikk og fleire omvisingar. Det viktigaste har likevel vore eit auka samarbeid med Granvin Barne- og ungdomsskule som har vore på tunet for å sjå på museet, for å høyre soger og segner frå Granvin og for å ha joleavslutning. Som oftast får dei sjølvsagt også litt hardingfelespel med på kjøpet. Gjennom møter mellom buande vertskap, venelaget og Voss Herad har det kome mange planar på bordet, og nokre av desse er satt i gang. Det mest omfattande arbeidet i 2020 var arbeidet med å fornye utstillinga i museumskjellaren.



Julestemning på Granvin bygdemuseum. Foto: Alexander Røystrand

Voss folkemuseum

«Utsiktspunkt og gøymestad», ei fotoutstilling med bilete tekne av Jens Hauge frå Lærdal, vart opna i oktober 2019, og vart vist i festsalen til mars 2020. Etter at landet stengde ned 12. mars la me vekk planane om ei sommarutstilling, slik at det i samlingsbygget ikkje var utstillingar i det heile dette året.

Også dei planlagde undervisingsopplegga gjekk ut. Alle sjetteklassingar i Voss herad var i utgangspunktet inviterte til eit opplegg knytt til dekor på tre, men dette vart avlyst. Me måtte òg utsetja fire planlagde besøk til Voss sjukeheim, der temaet skulle vera Vangen anno 1930. Desse opplegga var finansierte av høvesvis Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken.

På Mølstertunet, kvar fredag i juli, demonstrerte Voss bygdekvinneleg tradisjonsbaking, medan Voss husflidslag demonstrerte ulike handverkstradisjonar. I Arnfinnsflore på Mølstertunet stod det ei utstilling om tunskipnad.

Besøket ved museet var langt lågare enn andre år, og i heile sommarsesongen hadde me berre eitt einaste gruppebesøk. Salet av enkeltbilletter var noko betre, og i juli selde me hårfint fleire enkeltbilletter enn året før.

I mai var Jan Henrik Ihlebæk frå P2-programmet Museum på Mølster. Programmet handla om lokale ølbryggetradisjonar, og det vart gjort opptak i årestova. Ole Didrik Lærum, Atle Martinussen, Vidar Skeie og Eirik Helleve var med.

Kvam bygdemuseum, Storeteigen

Storeteigen hadde i fjor om lag 700 registrerte besøkande, deriblant gjestande kunstnarar i 159 døger. Dette er godt under halvparten av besøket året før. Kvart av arrangementa «Jonsok», «Slåtten» og «Jolafesten» samla mellom 40 og 50 besøkande. Desse vart gjennomførte etter gamal modell, men sjølvsaugt med naudsynte smittevern-tiltak. Elles nyttar barnehagane bakkane og grindbygget eit par gonger i veka. Skulen i Øystese er også innom.

Me arrangerte slåttedag for barnehagar, saman med

Bygdagnist. Dei organiserte òg ein open dag med 65 besøkande som fekk prøva seg i ulike aktivitetar.

Kvam bygdemuseum fekk 80 000 kroner i tilskot til ekstra koronatiltak. Hardangerfjord media AS vart engasjert til å laga tre filmar om stølsdrift. Filmane vart lanserte med føredrag av ein av informantane til filmane, Livar Aksnes på kulturminnedagen 13. september i konsertsalen på Kabuso. Filmane er tilgjengelege på nettsida til HVM, under Storeteigen.

Hardanger fartøyvernseier

Me gjennomførte ei «forsiktig» opning av sommarsesongen 15. mai, med eit avgrensa tilbod til små grupper. Interesse for desse smågruppebesøka var diverre ikkje så stor. Folk heldt seg for det meste heime denne koronavåren.

Den 20. juni opna museet igjen for enkeltreisande, med aktivitetar for ein kvar smak. Me måtte redusera aktivitetstilbodet noko, men også i år kunne dei besøkande laga seg leikebåt (nytt vellukka konsept med familie-verktøykassar), laga tau på minireiparbana eller ta seg ein rotur. Ut over dette kunne ein sjå seg om på kaianlegget, i verkstadane og sjå ein film.

Dei to store publikumsarrangementa våre, Hardanger trebåtfestival (i samarbeid med Hardanger Trebåtfestival SA) og «Wings and Wheels» (i samarbeid med Kvam Veteranovgnklubb) vart avlyste. Det vart også den planlagde Vamp-konserten. Desse arrangementa ville, basert på erfaringstal, ha skaffa oss om lag 6500 besøkande. Utan desse publikumsmagnetane, og med sterkt redusert opningstid tidleg på sommaren enda besøksstalet vårt i sommar (mai–august) på 5600 (ein tilbakegang på over 7600). Eitt lyspunkt var det – viss me ser juli isolert hadde me ein besøksauke på 22%.

Me hadde i 2020 ei skikkeleg kurssatsing, med kurs i å laga årer, kurs i reipslaging, smedkurs for vidarekomande og kurs i å laga kiper. Eit planlagt kurs i sliping i april måtte avlystast. Utover hausten jobba me med kursplanen for 2021, denne var klar for publisering før jul 2020. Det årvisse verktøyseminaret vart diverre eit reint internseminar, på grunn av koronapandemien. Me måtte våren 2020 også avlysa to av dei planlagde torsdagsføredraga våre. Me klarte å gjennomføra alle dei planlagde føredraga om hausten, men måtte avgrensa talet på tilhøyrarar noko.

I løpet av seinsommaren/tidleg haust gjennomførte me nokre større publikumsarrangement. I samarbeid med Frivilligsentralen Grannehjelpa i Kvam hadde me ein familieaktivitetsdag for om lag 70 besøkande, og i august hadde me to aktivitetsdagar for den vidaregåande skulen med 80–90 besøkande kvar dag. Det største publikumsarrangementet me gjennomførte i 2020 var sjøsetjinga av MK «Fremad II» den 28. august, med 150 deltakarar. Statssekretær i Kulturdepartementet, Gunnhild Berge Stang, stod for dei seremonielle handlingane knytt til sjøsetjinga, og me fekk mykje anna fint besøk denne dagen.



Instruktør på kipekurs Hege Wiken. Foto: Silje Ensby

Me har òg vore vertskap for Nøringen i regi av Kulturskulen, og bidrege med det faglege innhaldet til to kveldar i deira aktivitetsrekkje. Me arrangerte også aktivitetstilbod til born og unge i både haust og vinterferien.

Me har halde fram formidlinga på nett, med rekordmange videovisingar og nye fylgjarar. Mange prosjekt er formidla gjennom bilete og tekst, og me har nytta stories på Instagram og Facebook til å gje fylgjarane innblikk i kvardagen på både restaureringsverft og museum. Då landet stengde ned i mars prioriterte me formidling på nett. Me ferdigstilte ein video av smeden som smir ein port av jernbaneskiner, til museumsområdet vårt. Den er snart sett av 10 millionar, verda rundt.

Dei korte einskildfilmane frå dei fire åra MK «Fremad II» sto på slipp vart samla til ein lang video, som fekk ei fantastisk mottaking. Ved årsskiftet, etter 17 veker på nettet, hadde filmen hatt over 30 millionar visingar. Mange nye personar vart nådd og i løpet av hausten vart talet på fylgjarar på Facebook meir enn dobla (til 300 000).

Me laga òg ein instruksjonsvideo om vedlikehald av småbåt, der småbåtbyggjar Peter deler råd og prosedyrar under vårpussen. Dette er eit tema me får mange spørsmål om. Videoen er til nytte og glede for både båteigarar og kystlag landet rundt.

Hardangerjakta «Mathilde»

Seglingssesongen på Mathilde vart kraftig redusert, grunna pandemien. Den veka landet vart stengt ned skulle Mathilde ha starta seglingssesongen med eit tre vekers tokt, i samarbeid med Museum Vest. Dette vart sjølvsgt avlyst. Me måtte også avlysa eller utsetja alle leirskuletokta og utleigetokta våren 2020. Heller ikkje sommartokta let seg

gjennomføra på grunn av dei strenge smitteverntiltaka.

Då skulane gjekk over frå raudt til gult lys vart det heldigvis mogeleg å gjennomføra haustens leirskuletokt. Med avgrensa elevtal og styrka mannskap kunne restriksjonane knytt til reinhald og måltid verta gjennomført. Me klarte på det viset å gjennomføra seks leirskuleveker hausten 2020.

Mathilde gjekk rett frå leirskulesegling og opp på vår eigen slipp for å gjennomføra eit større restaurering/reperasjonsarbeid i løpet av vinteren 2020–21.

Marknadsføring, reiselivsutvikling

Det vart i 2019 laga ein samla marknadsføringsplan for 2020, som viser strategi for marknadsføring og sal opp mot reiselivet. Planen viser kva me ynskjer å vera med på av reiseguidar, annonsering, at me er aktive på sosiale media, messedeltaking, nettverksbygging, diverse salsmøte knytt til eksisterande gruppemarknad (t.d. Viking Cruise i Bergen). Vidare har det vore arbeidd mot gruppemarknad og kontaktbygging mot større samarbeidsaktørar som Visit Hardangerfjord, Fjord Norge og Innovasjon Norge.

2020 vart annleis enn forventa. Kvar vår samlar den store reiselivsmessa Norwegian Travel Workshop om lag 350 utanlandske turoperatørar. Her kan dei sjå kvar dei vil reisa i Norge og kva aktørar dei ynskjer å besøka. Denne vart sjølvsgt avlyst i 2020, difor måtte me finna andre løysingar. Den viktigaste oppbygginga mot sesongen i 2020 vart å køyra rundt heile fjorden og snakka med turistinformasjonar og andre reiselivsaktørar, gje ut brosjyremateriell og henga opp plakatar. Dette var eit viktig arbeid fordi det dette året var mange nordmenn som ferierte i eige land. Me fekk også til eit viktig samarbeid med andre museum langs fjorden om eit felles Sommarpass. Ved å betala full pris på det fyrste museet



fekk ein halv pris på dei neste musea ein kom til. Dei andre musea var Folgefonnsenteret i Rosendal, Olav H. Hauge-senteret i Ulvik og Kraftmuseet i Tyssedal.

Tidlegare år har me gjennomført ei gjesteundersøking på kvar avdeling. I 2020 vart HVM medlem av Norsk Publikumsutvikling, og då får me profesjonell hjelp til å laga brukarundersøkingar med gode rapportar. Me vonar dette vil gje oss betre grunnlag for å forstå brukarane våre og nå nye målgrupper.

Besøkstal

Den kraftig reduserte sesongen viser att på besøkstala. Nedgangen var stor på gruppebesøk og utanlandske gjester. Det positive er at mange av dei besøkande har vore på innanlands ferie og opplevd tilboda til HVM som attraktive og relevante. Det viser både besøkstal i juli og gode tilbakemeldingar, i tillegg til godt sal i kafear og museumsbutikkar.


Kunsthuset Kabuso hadde lengst sesong. Medan dei andre formidlingsarenaene opna for gjester omkring 21. juni, hadde Kabuso ope frå tidleg i mai. Kabuso er òg arenaen som har hatt minst nedgang i besøket, samanlikna med tidlegare år.

Dei arenaene som tidlegare år har hatt ein del grupper og utlendingar fekk i 2020 ein nedgang i besøkstale. Ved **Agatunet** og **Hardanger fartøyvernssenter** var det svært godt besøk i juli av innanlands reisande. Som eit stopp på sider-safarieren i Sørfjorden fekk Agatunet eit bra besøkstal.

Besøket på **Skredhaugen** i Lofthus, Ullensvang, har vore svært godt samanlikna med tidlegare år. Mange familiar nytta uteområdet i det flotte bygdetunet og helste på geitene. I tillegg har nok appen «Trimpoeng», med trimpost på Skredhaugen, bidrege både til meir besøk og til å få dokumentert ein del av det tidlegare udokumenterte besøket.

Leirskulen på hardangerjakta «**Mathilde**» og dei opne sommartokta har vore sterkt reduserte. Berre haustsesongen med leirskule er gjennomført.

Folkemusikk og –dans er hardt råka, her er reduksjon i brukarar («besøkstal») på omkring 90 % i høve 2019.



Samla besøk	Per 31.12.20	Per 31.12.19	Endring	Endring i %
Hardanger fartøyvernssenter	6 855	20 183	-13 328	-66 %
Hardanger folkemuseum	3 200	7 742	-4 542	-59 %
Hardingfela.no	443	4 140	-3 697	-89 %
Agatunet	3 990	5 216	-1 226	-24 %
Skredhaugen	3 483	1 551	1 932	125 %
Kabuso	5 305	8 525	-3 220	-38 %
Hardanger Skyspace	445	461	-16	-3 %
Ingebrigt Vik museum	828	1 293	-465	-36 %
Voss folkemuseum	4 972	11 189	-6 217	-56 %
Kvam bygdemuseum Storeteigen	647	760	-113	-15 %
Granvin bygdemuseum	214	2 125	-1 911	-90 %
Totalt HVM	30 382	63 185	-32 803	-52 %



Barnehagebesøk i Etter alle solemerke. Foto: Kabuso

KUNSTHUS

HVM skal vektlegga høg kvalitet og aktualitet i kunstformidlinga. Me skal vera ein arena for alle typar kunstuttrykk og ein sentral aktør i regionen på dette feltet. Me skal bidra til auka kunnskap og interesse i regionen for kunst og kultur. Den fylkeskommunale kulturplanen seier at «vegen inn i kunst- og kulturlivet for barn og unge skal ha høg kvalitet og solid struktur på alle nivå. Alle barn skal ha høve til å ta del i og oppleva kunst og kulturuttrykk». Dessutan at «vilkåra for kunstproduksjon, visning/framføring og formidling av kunst i heile fylket skal styrkast. Regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder». Me meiner at HVM sitt arbeid med kunstfeltet har hatt ein god retning, trass i at 2020 har vore eit krevjande år for reine formidlingsarenar.

2020 var prega av pandemien og nedstenginga 12. mars. Eit fleirtal av dei tilsette var permitterte mellom ein og to månader. Kabuso opna dørene igjen for besøk 7. mai, men drifta har sidan vore avgrensa, både når det gjeld tal på publikum og opningstid. Ei utstilling vart utsett til 2021, ei anna forlenga. Alle konsertane mellom mars til september vart avlyste, og i haust har berre annakvart sete i salen vore tilgjengeleg grunna smittevern.

Nedstenging og avgrensingar har samanlagt ført til merkbart færre besøk på Kabuso og Ingebrigt Vik museum (IVm), frå 10297 til 6566. Av desse var 828 på IVm. Året sett under eitt har likevel gjeve mange positive opplevingar. Fleire av konsertane som vart utsette på våren vart gjennomførte på hausten. Hardanger Skyspace fekk eit oppsving i billettsal frå 0 til over 90 i sommar, grunna eit vellukka samarbeid med Hardangerfjord hotell som kunne opna døra til alle tider. Éin konsert i haust vart utseld med mange på venteliste. Konsertscena er elles eit etterlengta tilbod, ikkje berre for

publikum. I 2020 romma ho 17 konsertar og er slik sett ein viktig arena for musikarar. Kakaokonsertane, som vert arrangerte i samarbeid med Kvam kulturskule, er elles blant dei mest populære for eit lokalt publikum.

Kabuso arbeider målretta med å forankra aktiviteten i regionen, mellom anna gjennom å invitera kunstnarar til å utforma utstillingane med utgangspunkt i området. Til formålet nyttar me mellom anna Kvam bygdemuseum (Storeteigen) for arbeidsopphald for kunstnarane. Urstad og Toft var dei fyrste som nytta Storeteigen i 2019, og dei kom attende med «Etter alle solemerke», ein lyd og videoinstallasjon utforma for Kabuso, med opning i februar 2020. Ei anna langvarig utforsking fekk eit resultat i «Verkstad», ei vising av 33 modellar med idear for ungdomsbasen i Norheimsund, laga av ungdom i Kvam under leiing av kunstnaren Katrine Meisfjord. «Styrlose prosessar» er ei utstilling i to deler, sett saman med verk av fire kunstnarar og ein forfattar. Fyrste del vart vist sommaren



Hardanger Skyspace vart meir tilgjengeleg gjennom samarbeid med Hardangerfjord hotell. Foto: Aukse Drungiliene

2020, og dei kjem attende sommaren 2021, etter eit år med samtaler og eit felles arbeidsopphald på Nordisk kunstnarsenter Dale.

Dei områda me har satsa på innan formidling – skapande aktivitet som Kunstbar og Bornas Kabuso – og omvisingar for eit generelt publikum og skuleklassar, hadde godt besøk før 12. mars. Stengte dører fekk oss til å prøva ulike digitale formidlingsopplegg, mellom anna laga me korte filmar som me publiserte på sosiale mediar. Blant dei var ein film om utstillinga «Etter alle solemerke» (1.april, 401 visningar), og korte aktivitetsfilmar som *Flippbok med rare dyr* (31. mars, 3200 visningar) og *Stempel av potet og gulrot* (6.april, 711 visningar). Me prøvde òg ei livesending av det populære konseptet Drink & Draw, med rundt 30–40 deltakar.

Då Kabuso og IVm opna att i mai måtte fysisk formidling tilpassast smittevernreglane. Me måtte halda avstand, og me sette inn forsterka reingjering og fleire ressursar. Omvisingane vart organiserte i mindre grupper og med færre deltakarar på verkstadar.

Bornas Kabuso, ein klubb for born og unge, har sidan starten i 2018 hatt høg aktivitet med både filmvisingar og verkstader. Klubben starta opp att på hausten med obligatorisk påmelding og eit tak på tal deltakarar. Tal på medlemmer i klubben vart sterkt redusert til 15 mot 72 året før.

Kunstbar, eit anna populært konsept retta mot vaksne, arrangerte seks kveldar med fagleg innhald, medrekna den tidligare omtala Drink & Draw. Avstandskrav førte med seg at me fekk plass til færre deltakarar.

Kafeen er ein viktig publikumsretta del av Kabuso, med lunsjrettar og kaffimat. Butikken hadde eit overraskande høgt sal i 2020. Den vert stadig meir profesjonell, med sal av kunst, handverk og bøker, ofte knytt til utstillingane.

I tillegg til Nordisk kunstnarsenter Dale har Kabuso samarbeida med Borealis, festival for ny musikk, Kulturskulen i Kvam, Hardangerfjord hotell og Kvam herad. Kabuso var som vanleg vertskap for Vestlandsutstillinga i 2020.

Av investeringar kan nemnast at eikegolva i konsertsalen og utstillingssalen vart slipt og lakka. I konsertsalen fekk me opp ny projektor med 4K-kvalitet, nytt og breiare lerret og nye høgtalarar, delvis finansierte med tilskot frå Norsk kulturråd. Det gamle lerretet er overtatt av Hardanger Folkemuseum. Nye skilt til IVm og Hardanger Skyspace vart utforma og sett opp utanfor begge bygga. Ny-Hus AS reparerte nokre sprekker i taket og fiksa døra i Hardanger Skyspace.

Arbeidet med ny basisutstilling på IVm er ført opp på planen for 2021–22, med håp om å få den på plass innan utgangen av 2022. Det er avhengig av tilstrekkeleg finansiering.



Hallingkurs under UngOsa (Osafestivalen) med Torkjell Lunde Børsheim som lærar. Foto: Ingerid Jordal



Statssekretær Gunnhild Berge Stang løyser slippet på Fremad II. Foto: Hardanger fartøyvernssenter

FARTØYVERN, RESTAURERING

HVM skal i fylgje eigen strategi gje interesserte innan fartøyvern tenester og tilbod med høg etisk og fagleg standard, både handverksmessig og antikvarisk. Me skal sikra og føra vidare handverkskompetanse gjennom oppdragsprosjekt, dokumentasjon, forskning, opplæring av lærlingar, kurs og seminar. Me skal ha god dialog og godt samarbeid med fartøyeigarar, forvaltning, organisasjonar i frivillig sektor, politikarar, leverandørar og andre aktørar innan fartøyvern. Me kan opptre som ein kommersiell aktør og kan ta oppdrag som ikkje har offentleg støtte. Me skal vera transparente, føreseielege, arbeida planretta og effektivt.

I 2020 har me gått i rett retning i tråd med både eigen strategi og kulturminneforvaltinga sine mål. Eitt av dei fylkeskommunale måla er å «styrke dokumentasjon for auka kunnskap om kulturminne og samanhengane dei er del av.» Dei siste åra har det vore lagt ned mykje arbeid i å byggja opp eit dokumentasjonssenter, dvs. søkbare system for å finna fram aktuell dokumentasjon innan fartøyvern. Eigenprodusert dokumentasjon har òg vore eit satsingsområde der ein har kome eit godt steg vidare.

Dokumentasjonsarbeidet og restaureringsarbeidet heng tett i hop. Det er ikkje tvil om at dei resultatane me har hatt innan dokumentasjon, handverksutvikling og atterreisning av gamle teknikkar er eit resultat av eit godt samspel mellom «teori og praksis».

MK «Fremad II» var det største restaureringsprosjektet vårt i 2020. Dette var eit omfattande og komplekst prosjekt, og var dermed eit prosjekt som tilførte oss mykje kompetanse. Sjøsetjinga i august 2020 var eit høgdepunkt. Mellom dei 150 deltakarane på arrangementet var Gunnhild Berge Stang, statssekretær i Kulturdepartementet, Stian Davies, leiar for kulturutvalet i fylkestinget, Torgeir Næss, ordførar i Kvam og Bjørn Aril Veland, varaordførar i Strand. Ferdigstilling kan skje i 2021, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass.



FORNYING OG ORGANISASJON

HVM skal vera ein attraktiv og robust arbeidsplass prega av tillit, raushet og vilje til fornying. Me skal vera ein fagleg sterk organisasjon. Me skal samarbeida med brukarane våre og leggja til rette for frivillig innsats.

I mesteparten av 2020 har direktør vore konstituert, ein har hatt fleire vakante stillingar og pandemien har ført til utfordringar utanom det vanlege. Det har såleis ikkje vore eit år med fokus på utvikling av organisasjonen. Dei aller fleste har vorte nøyde til å gjera seg betre kjende med digitale møteløysingar. Slik er det òg i HVM. Det tyder at me har fått erfaring med fordelar og ulemper dette har, og kan bruka det meir aktivt i tida som kjem.

Leiargruppa og styret har hatt ein god prosess med å revidera strategisk plan midt i planperioden. Leiargruppa har no ein omfattande tiltaksplan å jobba vidare med. Dette har gitt ein god plattform for vidare strategisk arbeid.

Styret for *Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter*, eitt av eigarstyra som eig bygg, anlegg og samlingar i dei gamle museumseiningane, har vedteke samanslåing med Stiftinga Hardanger og Voss museum. Planen er å oppretta ei veneforeining knytt til HFS.

Ettersom samarbeidet mellom Ole Bull Akademiet og HVM gjekk over frå å vera eit prosjekt til noko meir varig, har me etablert eit tettare samarbeid med hyppigare møte. I regi av Hardingfela.no skjer det stadig fornying og utvikling av nye konsept for opplæring og vidareføring.

HVM har eit godt samarbeid med vertskommunane, med fylke og stat både på politisk og administrativt nivå. Me ser dette som eit viktig arbeid og set stor pris på den kontakten og dei møta det fører med seg.

Arbeidet med publikumsutvikling er eit område der me fornyar oss. Dette vil gje oss ny kunnskap om kven brukarane våre er og korleis me skal arbeida for å nå nye brukargrupper. Satsing på formidling gjennom sosiale medium har vara nokre år. Med stengde formidlingsarenaer frå mars vart det testa ut fleire måtar å driva digital formidling på, og dette gav oss verdfull erfaring for liknande tiltak.

Den nye basisutstillinga ved Voss folkemuseum er ei viktig fornying. Folkemuseum har tradisjonelt vore opptekne av folkekultur, og ved mange museum er det dei gamle jordbruksamfunnet som møter dei besøkande. Den nye basisutstillinga vil handla om historia til Voss heilt fram til våre dagar, og i utstillinga vil det vera like mykje ekstremesport som folkemusikk. Det er altså ikkje berre Voss folkemuseum som vert fornya, det er heile tanken om kva eit folkemuseum er og skal vera.

Som eit tiltak under overskrifta «fornyng» vil me løfta fram arbeidet med å forvalta immateriell kultur og å la handverkskunnskap vera grunnlag for forvaltninga av kulturminne. I restaureringsarbeidet knytt til bygningar og fartøy har samarbeidet mellom handverkarar og konsulentar/arkitekt stått sentralt. Dette har gitt mange gode resultat, mellom anna ved at fleire gløymde handverksprosessar er atterreist gjennom kontakt med eldre yrkesutøvarar (tradisjonsberarar) og analysar av bygningar, bygningsdeler, fartøy, fartøydelar osv.



Handverkar Morten Haavik rettleiar dugnadsgjengen i Agatunet.
Foto: Anne Lise Brask Eriksen

SAMFUNNSROLLE

HVM skal vera synlege, profesjonelle og delta aktivt i samfunnsliv både som lagspelar og som samfunnskommentator. Me skal gje innsikt og forståing av samtida ved å visa dei lange historiske linene. Me skal styrkja samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar.

Ut frå det som kjem fram i denne årsmeldinga er vår vurdering at me jobbar målretta for å dei måla som Kulturdepartementet sette for tilskota for 2020:

- Musea er aktuelle og profesjonelle og utøver ei aktiv samfunnsrolle
- Musea formidlar kunnskap og oppleving
- Samlingane ved musea vert trygga og tekne best mogleg vare på, og vert gjort tilgjengelege
- Musea førestår forskning og utviklar ny kunnskap
- Visuelle kunstuttrykk vert skapte og formidla, og vert etterspurde

Tilskotsbrevet frå Kulturdepartementet seier at HVM skal byggja opp under nasjonale mål om at alle skal ha tilgang til kunst og kultur av ypparste kvalitet, å fremja kunstnarleg utvikling og fornying, å tilby møteplassar og byggja fellesskap og å samla inn, ta vare på, dokumentera og formidla kulturarv. Musea si samfunnsrolle eller samfunnsoppdrag ligg i å utvikla og formidla kunnskap om menneska si forståing av og samhandling med omgjevnaden. I dette ligg stor fagleg fridom og samstundes utfordringar for musea med å definera kva som er relevant og viktig i eit samfunnsperspektiv.

Dei regionale kulturplanane for tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane er styrande for løyvingane til musea frå Vestland fylkeskommune. HVM arbeider etter relevante mål i planen til Hordaland.

HVM arbeider med mangfald og inkludering. I organisasjonen er det tilsett personar frå sju land. Gjennom fleire samarbeid med eksterne partar vert det arbeidd med tiltak og prosjekt for å stimulere til mangfald og inkludering.



Nybygd hardangerseksæring til Norges fiskerimuseum. Foto: Silje Ensby

LISTER

HVM deltar i fylgjande nasjonale fagnettverk

- Nasjonalt museumsnettverk for fiskerihistorie og kystkultur
- Nasjonalt museumsnettverk for tradisjonshandverk og bygningsvern
- Nasjonalt museumsnettverk for kunst, arkitektur og design
- Nasjonalt museumsnettverk for drakt og tekstil
- Nasjonalt museumsnettverk for musikk og musikkinstrument
- Fartøyvernssentrenes fellesråd
- Mellomalderklynga

Andre nettverk/samarbeidspartar

- Visit Hardangerfjord AS
- Destinasjon Voss AS
- Næringshagen i Hardanger
- Ullensvang næringsforum
- Næringshagen på Voss
- Norges husflidslag – styreverv
- Norsk kulturarv – styreverv
- Norsk publikumsutvikling
- Virke museums- og reiselivsnettverk

Rapportar frå Hardanger fartøyvernssenter:

1-20	Fullrigger Najaden. Tilstandsvurdering	Morten Hesthammer
2-20	Dokumentasjon av hardangerbåtar	Peter Helland-Hansen
3-20	DS Stord I - Sluttrapport dekkleggning	Silje Hausberg Tjosås
4-20	DS Skibladner - Restaureringsplan Røkelugar	Ivar Hoflandsdal / Silje Hausberg Tjosås
5-20	MB Tafjord - Restaureringsplan	Ivar Hoflandsdal / Silje Hausberg Tjosås

Publikasjonar

Årbøker

Gamalt frå Voss, 2019. Årboka er eit samarbeid mellom Voss Bygdeboknemnd, Voss folkemuseum og Voss sogelag. Boka kom ut for 52. gong, var på 224 sider, og hadde 18 artiklar. Eirik Helleve var redaktør.

Artiklar

